

Kulturstipend til musikkprosjekt?

24.10.2010

Stig Nordbø Børsheim, opprinneleg frå Uskedalen men no busett i Oslo, har søkt om 50.000 i kulturstipend til innspeling og utgjeving av musikkprosjektet James Joyce Poetry.

Han har drive med ulike kreative prosjekt dei siste 25 åra og satsar no på eit prosjekt der han sjølv komponerer, har vokal og spelar gitar. Han har også knytta til seg fire profesjonelle musikarar.

Førebels har han ikkje knytta seg til noke plateselskap då han sjølv ynskjar å ha kontrollen på prosjektet. Med omsyn til distribusjon av cd har han fleire gode kontakter i sentrale medier i Noreg.

Stig Nordbø Børsheim håpar å gje ut prosjektet hausten 2011. Då er det også 70 år sidan forfattaren døyde. Musikkstilen som vil prege komposisjonen er folkemusikk med ingrediensar av klassisk, rock og pop.

Av Ola Matti Mathisen